



**Temakart for føreslege verneområde**

Området er føreslege verna i felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal- Gjengedal. Planen er handsama av fylkestinget 13.12.2000, og ligg pr. juni 2003 til godkjenning i Miljøverndepartementet. Informasjon om planframlegget er å finne på [www.fjordinfo.no/naugjeng/](http://www.fjordinfo.no/naugjeng/).

**Planinnhald:**  
 Arealdelen av Kommuneplanen skal avklare hovudtrekka for arealbruk i Kommunen, både i sjø og på land. Plankartet er eit overordna plandokument, og er styrande for fradelings- og byggesaker, jamfør plan- og bygningslova §20-6. Kommuneplanekartet inneheld arealkategoriar i samsvar med plan- og bygningslova §20-4 pkt. 1-6.

Ekstisterande	Planlagt	Byggeområde, pbl §20-4 pkt. 1
[Gult]	[Ljussult]	Bustader
[Oransje]	[Ljussult]	Fritidshus

Føresegn, jamfør plan- og bygningslova §20-4, 2. ledd:  
 Det skal lagge føre reguleringsplan for byggeområde før det blir gitt layve til arbeid og tiltak som nemnt i §§ 81, 84, 86a, 86b og 93.

Ekstisterande	Planlagt	Landbruks- natur- og friluftsområde, pbl § 20-4 pkt. 2
[Gult]	[Ljussult]	LNF

Føresegn, jamfør plan- og bygningslova §20-4, 2. ledd:  
 I LNF-område gjeld generelt forbod mot fradeling og oppføring av bustader som ikkje er knytt til stadsunden næring. Tilsvarende gjeld for fritidshus. Det gjeld elles som målsetting at busetnaden skal halde seg opp i dei ulike grenselaga, og det kan gjevast dispensasjon for forbodet mot bygging, når det er overvekt av grunnar for dette.

**Retningslinje for bustader som måtte bli bygt i LNF- område etter dispensasjon frå forbod:**  
 Søknaer om dispensasjon for bygging i LNF-område skal vurderast etter desse kriteria:  
 1. Disponering av dyrka og dyrkbar jord skal vere forvarleg, jamfør jordlova. Konsekvens av deling skal vurderast både i forhold til den aktuelle driftsforma og til samanhengande jordbruksareal uavhengig av eigedomsgrensar, jamfør utviklingstrekk og sentrale feringar.  
 2. Ved plassering av ny busetnad skal omsyn til friluftliv og spesielle naturkvalitetar vere vurdert. Dispensasjon for fradeling og bygging i 100-metersbeltet langs sjøen eller elva Nausta kan berre gjevast når området er lite tilgjengeleg eller lite interessant for allmen bruk.  
 3. Oppvekstforhold for born skal vere forvarleg. Både forholda ved bustaden og aktuell skuleveg skal vurderast med omsyn til spesiell fare.  
 4. Kommunikasjonsforhold skal vere tilfredsstillande med omsyn til tilkomst frå offentlig veg, og med omsyn til sosial kontakt i eit naboskap.  
 5. Ny busetnad kan leggst i tilknytning til gardstun der dette er vurdert som gunstig ut frå sosiale, praktiske og økonomiske omsyn, og det er vurdert som forvarleg ut frå omsynet til forventa framtidig jordbruksdrift knytt til tunet.  
 6. Byggeplan for ny busetnad skal vere tilfredsstillande tilpassa til ekstisterande kulturlandskap. Ved bygging i eller nær ekstisterande tun skal tilpassing til ekstisterande bygg i tunet dokumenterast.

**Retningslinje for fritidshus som måtte bli bygt i LNF-område etter dispensasjon frå forbod:**  
 Bygg skal utformast, plasserast og fargesettast slik at dei gir inn i landskapet utan å dominere. Veggjar skal vere i tre eller naturstein. Det skal nyttast torvtak, takstein eller plater/tekking med stein i overflata. Det skal ikkje byggast i snauffjell eller i 100- metersbeltet langs vassdraget Nausta. Forbodet gjeld ikkje for små og enkle tiltak som Kommunen finn kan byggast utan å ha konsekvens for allmenne interessar.

Heilskapleg plan for eit område skal telje positivt for søknad om dispensasjon frå byggeforbod.

Ved nybygg skal det vurderast om det er aktuelt med fleire hytter i same området, og det skal dokumenterast at byggeplanen ikkje er til hinder for vidare utnytting av området.

Bygg skal plasserast med lengderetning langs terrenget. Grunnmuren bør ikkje gå på meir enn 30 cm over terrenget, og skal ikkje oversteige 1 m.

**Retningslinje for hytter som måtte bli bygt i snauffjell, i 100-metersbeltet langs fjord eller vassdrag, og i stølsgrender:**  
 Landekapeverknaden av tiltak skal dokumenterast/ illustrerast i detalj. Kommunen fastset formkrav til dokumentasjonen. Russenes friluftsområde er regionalt friluftsområde oppkjøpt av miljøverndepartementet i 1985. Det er mellom anna restriksjonar på skogsdrift i området. Skytebane, med sikringsone. Automatisk freda kulturminne, gravhaug på Helle, 3 gravrøyser på Horne, og bautastein på Ullaland. Dessutan spor etter naust frå folkevandringstid i Naustdal Sentrum.

Ekstisterande	Planlagt	Område for råstoffutvinning, pbl §20-4 pkt. 3
[Rosa]	[Ljussult]	Massettak, Steinbrot

Føresegn, jamfør plan- og bygningslova §20-4, 2. ledd:  
 Råstoffutvinning føreset at området er omfatta av reguleringsplan eller anna tilsvarende plan for arealbruken.

Ekstisterande	Planlagt	Bandlagde område, pbl §20-4 pkt. 4
[Blå]	[Ljussult]	Naturvern
[Grøn]	[Ljussult]	Russenes friluftsområde
[Rosa]	[Ljussult]	Nedslagsfelt for drikkevann
[Gult]	[Ljussult]	Skytebane
[Ljussult]	[Ljussult]	Automatisk freda kulturminne

**Spesifisering av bandleggingføremål:**  
 Grenyrområdet er sikra med heimel i naturvernlova. Bakgrunnen er botanisk, ornitologisk og zoologisk verneverdi. Føremålet er stikkvasshår (Callitriche brutia) er bakgrunn for spesielt streng vernekategori. Russenes friluftsområde er regionalt friluftsområde oppkjøpt av miljøverndepartementet i 1985. Det er mellom anna restriksjonar på skogsdrift i området. Skytebane, med sikringsone. Automatisk freda kulturminne, gravhaug på Helle, 3 gravrøyser på Horne, og bautastein på Ullaland. Dessutan spor etter naust frå folkevandringstid i Naustdal Sentrum.

*Handprodusent: Robert Foss*

Ekstisterande	Planlagt	Viktige ledd i kommunikasjonssystemet, pbl §20-4 pkt. 6
[Ljussult]	[Ljussult]	Hovedveg
[Ljussult]	[Ljussult]	Samlevog
[Ljussult]	[Ljussult]	Tilkomsveg

**Andre merknader**

[Ljussult]

Område der det skal vere kommunedelplan

1. Naustdal sentrum

2. Vona

3. Sjøområda

All arealbruk i sjø er vist her

-----

Kommunegrense

Sakshandsaming:

Nr.	Handsamingsmåte	Sak.nr.	Dato	Sign.
1	1.gangs handsaming	20/03	28.05.03	H.R.
2	2.gangs handsaming UP	22/03	21.08.03	H.R.
3	Vedtatt i Kommunestyret	32/03	04.09.03	H.R.
4				
5				